

Kristian Hus og sterk jazzkvintett på Bøkkervelden.

02.06.2016




Børge Olsen Kvintett 2014. I år er tenorsaksofonisten Thomas Nøkling med i staden for trumpetisten Are Ovesen t.h.

Bøkkervelden på Rød vert i år arrangert for 19. gang når den går av stabelen 25.juni. I det særegne kystkulturmiljøet i Bøkkervekstaden vert det lagt opp til eit triveleg og innhaldsrikt program. Sentrale i programmet vert forfattar og eldreforkjempar Kristian Hus og ein solid jazzkvintett der Kjell Børge Olsen, som tidlegare år, styrer trommestikkene.

Kristian Hus er velkjend i Kvinnherad frå mange samanhengar. Den ruvande mediamannen har dei siste åra gjort seg særleg bemerkja som ein god forfattar av bøker om dei eldre sin situasjon. I haust kom boka Godt vaksen som inneholdt intervju med 12 eldre kvinnheringar i tillegg til 3 essays. Det vart ein skikkeleg bestseljar. No er Hus godt i gong med oppfølgjaren som vil fortelja oss om korleis det er å vera eldre i Kvinnherad. I den samanhengen tar han mellom anna pulsen på livet og aktivitetane på alders- og sjukeheimane i kommunen. Overskrifta på innslaget hans på Bøkkervelden er: «Godt vaksne blikk - Kristian Hus formidlar synet til dei eldre i kommunen».

God jazzmusikk høyrer alltid med på desse kveldane. Å oppleva den gode musikken som vert presentert i dette spesielle miljøet, er alltid like fantastisk. Trommisjen Kjell Børge Olsen har gjennom alle år vore krumtappen i bandet. Han har samla med seg jazzmusikarar frå øvste hylle. Slik er det også i år! Sonen og gitaristen Leif Henrik Børge Olsen som no er busett i Trondheim, har vore fast i dei fleste åra. Den eminente bassisten Alex Grieg og like dugande Bjarne Øymyr på tangentar, byrjar alt å verta kjære kjenningar på Bøkkerverkstaden. I denne samanhengen er Thomas Økland på tenorsax ny for underteikna. Han er også ein garva jazzmusikar av høgste klasse. Han har spela med mange av våre fremste innan sjangeren. Her nemner vi berre at han har spela mykje med Are Ovesen som har vore på Bøkkervelden fleire år, og bassisten Ole Amund Gjersvik som imponerte slik då jazzscenen på Oska vart innvia for kort tid sidan.

Elles vert det som vanleg servering av lubbesild og poteta med skalet på. Det vert båltenning kl.24 og anna program i kystkulturen si ånd. Her gjeld det å mælda seg på, og det kan ein gjera til Kristian Bringedal mobil **915 31 487** eller epost: kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no



Kristian Hus skriv gode bøker om eldre

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ola Matti Mathisen og Thor inge Døssland